

# Detaljreguleringsplan for Dampen Davik

Planidentifikasjon:

4648.2021.02.

Eigengodkjenningsdato

27.04.2023

Eigengodkjend av:

Bremanger kommunestyre

Reguleringsføresegner knytt til:  
Detaljregulering for Dampen Davik.  
PlanID 4648.2021.02.

## 1. Siktemålet med planen

Siktemålet med planen er å legge til rette for vidare utvikling av Dampen Davik, samt tilhøyrande areal. Igjennom planprosessen ynsker ein å legge til rette for vidare drift av servering/bevertning på Dampen, samt etablering av servering i tilstøytande bygning. Vidare ynskjer ein å formalisere arealbruken til etablert buparkering, og legge til rette for teltplassar. I sjøkanten ynskjer ein å reparere murar, samt legge ut ny bølgebrytar og etablering av inntil 20 båtplassar.

## 2. Fellesføresegner for heile planområdet

### 2.1 Tiltak mot støy

- KMD sine retningslinjer for støy T-1442 skal leggest til grunn for planlegging og tiltak etter pbl. §20-1.

### 2.2 Jordressursar

Matjord som blir fjerna innanfor planområdet skal takast vare på og nyttast til landbruksføremål

## 4. Føresegner for arealformål

### 4.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

#### 4.1.1 Fellesføresegner for bygg og anlegg

- Bygningar skal plasserast innanfor regulerte byggjegranser (1211). Konstruksjonar som mur, gangsti, flytebyggjer og molo på gbnr. 106/50, og eksisterande kai og terrassar på gbnr. 106/10 kan bryte regulert byggjegrænse mot sjø.
- Det skal leggest vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeopfatning. Det skal ikkje nyttast skjemmande fargar på bygningar/anlegg. Det skal vidare leggest vekt på å opparbeide gode uteareal.
- Innanfor byggjeområda tillatast oppføring av pumpestasjonar, transformatoriosk eller andre tekniske innretningar. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge tilpassa resten av bygningane i planområdet, samt at dei skal godkjennast av kommunen.
- Når særlege grunnar talar for det kan kommunen tillate mindre vesentlege endringar frå reguleringsplanen innanfor ramma av bygningslovgjevinga og kommunale vedtekter.

#### 4.1.2 Frittliggande småhus (1111 BF)

- BF gjeld etablert bustad på gbnr.106/15.
- Grad av utnytting er bestemt av «tillate prosent bebygd areal» %BYA slik:  
-Maks% BYA=100.
- Mønehøgde skal ikkje vere over 9. meter og gesimshøgde ikkje over 7. meter.

#### 4.1.3 Fritids og turistformål (1170 FTU)

- a) Innanfor FTU1 kan det etablerast camping for telt med tilhøyrande vegar, parkeringsplassar, stiar og anna som naturleg høyrer til.
- b) Det er høve til å føre opp service/sanitærbygg knytt til fritid/turisme innanfor FTU1.
- c) Service/sanitærbygg skal førast opp som bygning i tre, i ein etasje med liggande kledning og saltak.
- d) Grad av utnytting for FTU1 er bestemt av «tillate prosent bebygd areal» %BYA slik:  
Maks% BYA=50.  
Innanfor FTU1 skal regulert vegformål og FTU1 skiljast med til dømes beplanting.
- e) Innanfor FTU2 kan det etablerast anlegg for bubilcamping med tilhøyrande fasilitetar som køyrevegar, gangstiar, vass og straumtilkopling.
- f) Innanfor FTU2 er det ikkje høve til å etablere nye faste bygningar.
- g) Det er høve til å forlengje molo slik synt i plankartet. Høgde på molo skal minimum ligge på kote +2.2 i høve NN2000.
- h) Ved prosjektering av molo skal kystverket sin rettleiar «[Molohåndboka](#)» leggst til grunn. Valt prinsippøysing skal vere anten «plastring» eller «muring».
- i) Ved arbeid på molo skal det takast særleg omsyn til nærliggande oppdrettsanlegg og låssettingsplassar særleg m.o.t lyd/støy og sedimentoppvirvling.
- j) I samband med molo kan det etablerast bølgebrytar og flytebrygger for inntil 20 båtar.
- k) Ålmenta skal ha tilgang til strandsona (FRI1 og FRI2) igjennom FTU 1 og FTU2.
- l) Det automatisk freda kulturminnet merka som #1, er frigjeve utan ytterlegare vilkår gjennom planen.

#### 4.1.4 Bensinstasjon/vegserviceanlegg (1360 BV)

- a) Området kan nyttast til sjølvbetjent automatstasjon for drivstoff.
- b) Lufting knytt til drivstoffanlegget tillatast plassert innanfor KBA og FTU2.
- c) Grad av utnytting er bestemt av «tillate prosent bebygd areal» %BYA slik:  
- Maks %BYA =60.
- d) Det stillast krav til forskriftsmessig handtering av drivstoff.
- e) Det stillast krav om at forureina avlaup frå bensinstasjonsområdet vert handtert på forskriftsmessig vis.

#### 4.1.5 Kombinasjonsformål (1800 KBA)

- a) Innanfor KBA kan det førast opp bygningar for daglegvarehandel, serveringsstad eventuelt med overnatting og bygningar knytt til fritid og turisme. Private fritidsbustader er ikkje tillate innanfor føremålet.
- b) For å sikre oppbygging etter brann eller naturkatastrofe, kan kai bryte regulert byggjegrænse med inntil 10 meter.
- c) Det er høve til å føre opp enkle terrasser utanfor regulert byggjegrænse til sjø mot nord.
- d) Enkle konstruksjonar for å sikre gangforbindelse rundt Dampen og Landhandelen kan bryte byggjegrænse mot sjø. Utforming må avklarast i prosjekteringsfasen, men det skal leggst vekt på at konstruksjonen skal harmonere med Dampen og Landhandelen.
- e) Grad av utnytting er bestemt av «tillate prosent bebygd areal» %BYA slik:  
- Maks% BYA=60.
- f) Mønehøgd skal ikkje vere over 9. meter, gesimshøgd ikkje over 8. meter.
- g) Eksisterande avkøyrsløse mot FV616 skal stengjast når ny avkøyrsløse aust for BV er etablert jf. kapittel 7.
- h) Ålmenta skal ha tilgang til strandsona (FRI1 og FRI2) igjennom KBA.

## 4.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

### 4.2.1 Fellesføresegner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur:

- a) Vegar skal opparbeidast med fast dekke og linjeføring/breidde som synt i plankart.
- b) Avkøyrsløse frå fylkesveg 616 skal utformast i samsvar med krav i handbok N100 «Veg og gateutforming».

### 4.2.2 Køyrevegar (2011 KV)

- a) o\_KV1 er offentleg.
- b) KV2 er felles for FTU1, FRI1 samt bustadhus og naust på gbnr. 106/5.
- c) KV3 er felles for områda KBA, BV, BF, FTU2, FRI2 og BAD.

#### 4.2.5 Annan veggrunn – teknisk anlegg (2018 AVT)

- a) Område langs KV1 avsett til grøft, skjering, fylling, terrengmur, sikringsgjerde, autovern og andre teknisk anlegg knytt til vegen.
- b) Eigarform som tilstøytande veg.

#### 4.2.6 Annan veggrunn – grøntareal (2019 AVG)

- a) Området skal stå fram som grøntareal. Det er ikkje høve til å føre opp større hekkar og liknande som kjem i konflikt med frisktsoner.
- b) Eigarform er privat.

#### 4.2.7 Parkeringsplassar (2082 PP)

- a) Parkeringsplassar skal opparbeidast med breidde slik synt i plankartet.
- b) Eigarform for f\_PP1 - f\_PP6 er felles. PP7 er privat.
  - f\_PP1, f\_PP2, f\_PP3 og f\_PP4 er felles for KBA.
  - f\_PP5 er felles for KBA og FTU1.
  - f\_PP6 er felles for KBA, BF og FTU1.
  - PP7 er privat for BF.
- c) Minimum 10% av parkeringsplassane skal utformast og reserverast personar med nedsett funksjonsevne.

### 4.3 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

#### 4.3.1 Småbåthamn (6230 SH)

- a) Med unntak av etablering av flytande bølgebrytar og flytebrygger for inntil 20 båtar knytt til området FTU2, er det ikkje høve til å etablere nye brygger eller fortøyingsplassar innanfor området.
- b) Flytebrygger skal etablerast mellom Dampen og molo i aust. Det er tillate for båtar å legge til kaikanten ved Dampen.
- c) Forankring til botn tillatast å bryte formålsgrrensa behovsretta.
- d) Ved arbeid i sjø skal det takast særleg omsyn til nærliggande oppdrettsanlegg og låssettingsplassar særleg m.o.t lyd/støy og sedimentoppvirvling. Avbøtande tiltak som siltgardin/boblegardin og tilpassing av tidspunkt for arbeid skal vurderast i samråd med fiskarlag og oppdrettsaktørane.
- e) Fjøra skal haldast open og vere tilgjengeleg for ålmenta.
- f) Det er høve til å oppgradere/skifte ut eksisterande gjestebrygge rett vest for Landhandelen og Dampen. Oppgraderinga kan medføre at drivstoffpåfylling vert flytta.
- g) Det skal etablerast løysing for mottak av avfall og lett tilgjengeleg tømestasjon for båttoalett

#### 4.3.2 Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone ( 6720 FLVS)

- a) FLVS omfattar fjøre og tilhøyrande sjøareal i planområdet.
- b) Det er ikkje høve til å etablere nye brygger eller fortøyingsplassar innanfor området.
- c) Fjøra skal haldast open for ålmenta.

### 4.4 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)

#### 4.4.1 Friområde (3040 FRI)

- a) Det er høve til å rette opp og utbetre eksisterande murar innanfor området. Utbetringar skal gjerast innanfor dagens fyllingsfot i strandkanten.
- b) Innanfor friområdet kan det etablerast enkel gangsti med breidde inntil 1,8 meter med fast dekke. Gangstien skal plasserast sør for mur/etablert grense mellom innmark og fjære, og skal ikkje medføre inngrep i fjøresona. Gangstien skal plasserast og utformast med omsyn til terreng- og landskap, og gje minst mulig inngrep. Situasjonsplan som viser plassering og utforming av sti og omfang av mur/skjering/fylling skal godkjennast av kommunen.
- c) Eigarform er privat, men området skal vere ope for ålmenta.

#### 4.4.2 Badeplass/-område (3041 BAD)

- a) Innanfor området BAD skal det leggest til rette for bading og anna naturleg aktivitet i tilknytning til friluftaktivitet.
- b) Det er tillate å fjerne vegetasjon og legge til rette med enkle tiltak som til dømes benkar.
- c) Eigarform er privat, men området skal vere ope for ålmenta.

## 5. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

### 5.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)

#### 5.1.1 Frisiktsone (H140)

- a) I frisiktsoner skal det vere fri sikt minimum 0,5 meter over nivået til tilstøytande vegar.
- b) Busker, tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i sona dersom dei ikkje hindrar fri sikt.
- c) Kommunen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna.

#### 5.1.2 Gul støysone (H220)

- a) Nye tiltak innanfor sona skal planleggast slik at støytilhøva innandørs og utandørs vert tilfredsstillande. Miljødepartementet sine retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442), skal leggjast til grunn.

#### 5.1.3. Flaumfare (H320)

- a) Innanfor aktsemdsone H320 skal nye bygningar ha ferdig golv på kote +3 (NN2000) eller høgare. Kravet kan fråvikast dersom det ligg føre fagrapport som t.d ei faresone-utgreiing som stadfestar tryggleik på eit lågare nivå.
- b) Ved nye tiltak på eksisterande bygningar som ligg innafør sona H320 må tiltak dimensjonierast på ein slik måte at tryggleik mot stormflo er teke i vare.

## 6. Føresegn til føresegnsområde (§12-7)

### 6.1

- #1 Automatisk freda kulturminnet som er frigjeve gjennom planen utan ytterlegare vilkår.

## 7. Kulturminne

### 7.1 Automatisk freda kulturminne

Dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylkeskommunen for avklaring. Dette jamfør kulturminnelova §8, andre ledd.

## 8. Rekkefølgekrev

- a) Før igangsetting av nye tiltak innanfor FTU1 skal f\_KV2 opparbeidast. Ved opparbeiding av f\_KV2 skal eksisterande avkøyrsløse til gbnr. 106/5 stengjast.
- b) Før igangsetting av nye tiltak innanfor KBA og FTU2 skal f\_KV3 opparbeidast. Ved opparbeiding av f\_KV3 skal eksisterande avkøyrsløse til fylkesvegen stengjast.

---

-ordfører-

---

- kommunedirektør-